

KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORN MIDLAR I 2013

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Prosjektnamn

Metodikk for implementering av kunnskapsbaserte fagprosedyrer i Helse Førde som sikrar kunnskap og bruk hos helsepersonell.

Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Førde, utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven

Prosjektleder (kontaktperson)

Kontaktperson: Lena Haveland, seniorrådgjevar Fag- og utviklingsavdelinga
Eller Kari Furevik, seniorrådgjevar Fag og Utviklingsavdelinga

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Helsepersonell i alle delar av helsetenesta må ha tilgang til *kvalitetssikra kunnskap* før under og etter pasientmøtet, slik at beslutningane vert sikrast og best mogleg for pasienten. Fagprosedyrer som er godkjende av det *nasjonale fagprosedyrenettverket* er kunnskapsbaserte, kvalitetssikra prosedyrer som skal bidra til å hindre uønska variasjon i måten pasientane vert behandla på. Fagprosedyrene er detaljerte prosedyrer for korleis helse- og omsorgspersonell bør utføre oppgåver. Slike prosedyrer er viktige verktøy for å *heve kvalitet i helsetenesta og redusere uønska variasjon* i klinisk praksis (st.melding nr.10 God kvalitet- trygge tjenester). Nasjonale myndigheter stiller krav om at helsetenesta skal vere kunnskapsbasert.

For at prosedyrene frå eksempelvis det nasjonale fagprosedyrenettverket skal kunne takast i bruk i det enkelte helseføretak krevst det ein godkjennings-/forankringsprosess i eige føretak. I somme tilfelle må også dei nasjonale fagprosedyrene lokalt tilpassast før dei lagt i dokumentstyringssystemet (Elektronisk kvalitetshandbok).

Dette er den reint «tekniske» delen av prosessen som må utførast før fagprosedyrene kan implementerast i den kliniske praksisen i sjukehuset.

Sjølv om fagprosedyrer vert godkjende og publisert i føretaket si interne kvalitetshandbok betyr ikkje det at fagprosedyrene også vert teke i bruk blant klinikarane i den kliniske praksis. Undersøkingar viser at implementering av kunnskapsbasert praksis krev ein heil del tiltak. Oppsummert forskning viser at implementering av kunnskapsbasert praksis lukkast i større grad viss implementeringstiltaka overvinn eit sett identifiserte barrierer (Dalheim 2010).

Vi veit frå litteraturstudier ein del om kva strategiar som er effektive ved implementering av kunnskapsbasert praksis i sjukehus. Intervensjoner retta mot leiing og organisatoriske Strukturar, samt tiltak mot dei kartlagte barrierane synest å ha ei betydning for å lukkast med implementering av kunnskapsbasert praksis. Helsepersonell si evne til å kunne lese og forstå forskning er viktig, og dei tilsette må bli involvert og sjå nytten av kunnskapsbasert praksis (Forskning 160 nr 2, 2011)

Helse Førde HF ynskjer å sette ned ei tverrfagleg prosjektgruppe som kan utarbeide ein metodikk og flyt for implementering av *fagprosedyrer* i Helse Førde HF.

Implementering av retningslinjer/prosedyrer går ut på å få helsetenesta til å ta i bruk råd og anbefalinger slik dei står i skreve retningslinjene/fagprosedyrene.

Det betyr at implementering inneber å endre daglege rutiner, og det krev at ein fjernar barrierer mot endring og brukar effektiv kommunikasjon for overføring av denne nye informasjonen til målgruppa i helsetenesta.

Presentasjonsformat og ei tydeleg framstilling av tilrådingane i fagprosedyra viser seg å vere viktig for å ei vellykka implementering. For å få til dette er det ikke tilstrekkelig berre å distribuere retningslinjene.

Ei reell endring av handlingsmønster krev gjerne ein omfattande implementeringsstrategi (IS-1870 Veileder)

Mål for prosjektet

- Helse Førde HF ynskjer å sette ned ei tverrfagleg prosjektgruppe som kan utarbeide ein strategi for implementering av kunnskapsbaserte fagprosedyrer i Helse Førde HF
- Med implementering meinast her heile prosessen kring innføring av fagprosedyrer i Helse Førde. Det vil omfatte alt som innebere at fagprosedyrene vert godkjente, distribuerte, forankra, og tekne i bruk i klinisk praksis i Helse Førde HF.
- Minimum ei av fagprosedyrene som skal implementast i løpet av prosjektperioden skal høve inn under eitt eller fleire av innsatsområda til Pasientsikkerhetskampanjen «I trygge hender»

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Utarbeide komplett implenteringsstrategi basert på:

Litteratursøk/kartlegging

Prosjektet si tilnærming må bygge på eksisterande kunnskapsbasert litteratur om emnet.

Det vil seie at ein må kartlegge det som i dag finst av litteratur kring implementering av kunnskapsbasert praksis/fagprosedyrer, samt identifiserte barrierer for å ta ibruk kunnskapsbasert praksis.

Mini Audit/datasamling og evaluering :

Før og ettermåling: Kartlegge klinisk praksis (førmåling) ved å måle denne praksisen opp mot best praksis slik den er skildra i eit utval fagprosedyrer som vert vurdert godkjent for bruk i føretaket i løpet av prosjektperioden. Utarbeide implementeringstiltak basert på data frå førmåling. Evaluere effekten av implementeringstiltaka ved å gjennomføre ei ettermåling(mini audit) når fagprosedyrene etter plan er ferdig implementert i organisasjonen

Metode kan vere intervju av eit utval klinikarar.

Brukarmedverknad

Vurdere korleis pasient/brukarmedverknad kan fremme bruken av fagprosedyrer i føretaket.

Vurdere om distribusjon av t.d. brukartilpassa versjonar av fagprosedyrene kan påverke og fremme bruken av fagprosedyrene blant klinikarane

Systematisk *Kommunikasjonsplan*/publiseringsplan må utarbeidast for å sikre forankring i organisasjonen og blant interessenter (brukarar)

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Utarbeide ein flyt for arbeid med implementering av fagprosedyrer i Helse Førde.

Gjennomføre ei ettermåling (mini audit) i 1-2 avdelingar for å kartlegge klinisk praksis og evt etterlevelse av «best praksis» slik den er skildra i dei 2-3 fagprosedyrene. Evt. barrierer mot å etterleve fagprosedyrene bør også målast.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Målet er at prosjektet skal utarbeide, utprøve og evaluere ein implementeringsmetodikk som skildrar korleis helseføretaket kan implementere fagprosedyrer i klinisk praksis, heilt frå organisatorisk systemnivå til gruppe - /individnivå

Dette bør kunne ha stor overføringsverdi til andre helseføretak.

Oppstarttidspunkt (planlagt)

Januar 2014

Sluttidspunkt (planlagt)

Desember 2014